UNIVERSITETET I BERGEN
Kjemisk institutt

Det matematisk-naturvitskaplege fakultet

Referanse
2017/11118-UNLA

Dato
04.10.2017

Studieplanendringar for 2018/19 - Kjemisk institutt

Mindre studieplanendringar

Sammendrag av saken
KJEM203:

- ønskje om å justere tittel på emnet frå «Petroleumskjemi» til «Petroleumskjemi og biodrivstoff» (engelsk: frå «Petroleum Chemistry» til «Petroleum Chemistry and biofuels»)

KJEM140:

- Ønsker tilføyd «Deltaking på minst seks kollokvier» som obligatoriske arbeidskrav
- Tilrådde forkunnskaper: tilføye MAT101/MAT111

KJEM352:

- Tilrådde forkunnskaper: tilføye MAT102

Justering i varighet på gyldigheten til obligatoriske arbeidskrav.
Gyldige obligatoriske arbeidskrav gir rett til å avleggje eksamen i eit emne. Dersom gyldigheten er utgått og emnet ikkje har undervisning påfølgande semester, kan ein student risikere å måtte vente eitt semester for å kunne gjennomføre dei obligatoriske arbeidskrava på nytt, og få ny rett på å ta eksamen. Ved å korte ned varigheten med 1 semester, blir denne situasjonen unngått. Kjemisk institutt melder her inn justering i varigheten for å samkjøre denne med undervisningssemester:

Emnekode	Gyldighet i dag	Ny lengde på gyldighet

Kjemisk institutt
Telefon 55583444
post@kj.uib.no

Postadresse
Postboks 7803
5020 Bergen

Besøksadresse
Allégaten 41
Bergen

Sakshandsamar
Unni Lange Buanes
55583445

KJEM100	6 påfølgande semester	5 påfølgande semester
KJEM120	6 påfølgande semester	5 påfølgande semester
KJEM123	6 påfølgande semester	5 påfølgande semester
KJEM131	6 påfølgande semester	5 påfølgande semester
FARM131	6 påfølgande semester	5 påfølgande semester
KJEM203	6 påfølgande semester	5 påfølgande semester
KJEM210	10 påfølgande semester	9 påfølgande semester
FARM211	10 påfølgande semester	9 påfølgande semester
KJEM220	6 påfølgande semester	5 påfølgande semester
KJEM238	6 påfølgande semester	5 påfølgande semester
FARM238	6 påfølgande semester	5 påfølgande semester
KJEM250	6 påfølgande semester	5 påfølgande semester
FARM250	6 påfølgande semester	5 påfølgande semester
KJEM333	10 påfølgande semester	9 påfølgande semester
KJEM351	6 påfølgande semester	5 påfølgande semester

Denne oversikten er ikkje satt inn i tabellen under, for å gjere presentasjonen meir oversikteleg.

Emnekode	**Redaksjonelle endringer (F.eks. endret tekst i læringsutbytte, mål og innhold etc.)**	**Realitetsendringer (F.eks. endret vurderingsform, overlapp, forkunnskapskrav)**	**Semester for iverksetting av endringen(e)**	**Merknad**
KJEM203	☒	☐	V 2018	Justering av tittel på emnet
KJEM140	☐	☒	V 2018	Obligatoriske arbeidskrav og tilrådde forkunnskaper
KJEM352	☐	☒	V 2018	Tilrådde forkunnskaper

<u>Store studieplanendringer</u>

Sammendrag av saken

Nedlegging av KJEM217

Kjemisk institutt melder inn nedlegging av eitt emne som ikkje har vore aktivt undervist dei siste åra. Emnet er uregelmessig, og blir i praksis gitt i form av tilpassa variantar av spesialpensum til enkeltstudentar som tek master innan ei spesiell retning i kjemi.

Nedlegging av emne:

Emnekode	**Siste undervisningssemester for emnet:** Ved nedlegging av emner må det normalt tilbys eksamen/vurdering i emnet i to semester etter nedlegging.	**Dersom emnet er et spesialiseringsemne, hvilke emner skal tilbys studentene som erstatning for emnet som legges ned?**	**Andre program som benytter emnet er informert om at emnet legges ned.** Bruk rapport 226.003 i FS
KJEM217	Truleg i 2008	Spesialpensum	Ingen utenom MA i kjemi (få der)

Institutt for informatikk (II) melder inn studieplanendringer som gir konsekvensar for studieprogram ved Kjemisk institutt

Kort oppsummert:
INF100 og INF109 vert slått saman til eit nytt emne med namnet «INF100: Innføring i programmering». Emnet endrar ikkje undervisningssemester. «Mål», «innhald» og «læringsutbytte» samt programmeringsspråk (Python) frå gamle INF109 vert vidareført i det nye emnet INF100.

For Bachelorprogrammet i kjemi blir konsekvensen at INF109 vert erstatta med INF100 som eit av dei valgbare emna innan matematikk/statistikk/informatikk (obligatorisk emne i graden) i 2. semester. Første gong blir våren 2019.

For Integrert masterprogram i medisinsk teknologi blir obligatorisk emne INF109 erstatta med INF100 i 3. semester. Første gong blir hausten 2018.

Venleg helsing

Svein Are Mjøs
Leiar, Programstyret i kjemi

Unni Lange Buanes
Studiekonsulent

From:	Unni Lange Buanes
To:	Stine Beate Balevik
Cc:	Kristin Sofie Farkas; Kristin Kalvik
Subject:	Ønske om HMS-kurs som emne
Date:	19. oktober 2017 14:01:34
Attachments:	HMS-kurs UiO.pdf

Hei,

Melder inn ønskje om oppretting av nye emne, etter avtale med eksamenskoordinator ved fakultetet. Dette er også ei praktisk/teknisk løysing som har vore meldt inn til studiesjef Eli Høie før sommaren 2017, og er avtalt å løfte vidare for å kunne finne ei god løysing på situasjonen skildra nedanfor.

Kjemisk institutt organiserer 2 HMS-kurs for brukarar av kjemilaboratoriene i Realfagsbygget, grunnleggjande HMS-kurs for KJEM110 og bachelor-studentar og HMS II-kurs (vidaregåande) for masterstudentar, phd-kandidatar, prosjekt-tilknytta, nytilsette og alle som skal jobbe sjølvstendig på kjemilab. Det grunnleggjande HMS-kurset er det vi ønskjer å prioritere i første rekke på grunn av omfanget.

HMS-kursa er svært viktige i det førebyggjande arbeidet ved Kjemisk institutt og det er HMS-ansvarleg ved Kjemisk institutt, Lisbeth Glærum, som underviser i begge kursa. Dei som tek kursa får adgang til å virke på kjemilaboratoria i ulik grad, derav to læringsnivå på kursa. Kursa er skreddersydd tilhøva ved kjemilab-fasilitetane for i størst best mogeleg grad å kunne førebygge ulukker og uhell, samt ivareta gode rutine ved eventuelle uhell på lab. Dei aller fleste tek det grunnleggjande HMS-kurset i samband med grunnemnet i kjemi, KJEM110 (som har emnekoden FARM110 for farmasistudentane).

Kjemisk institutt har ført registrerte lister over studentar og andre med godkjent HMS-kurs sidan våren 2003, og dette skjer manuelt i eit excel-dokument. Etter at KJEM110 vart obligatorisk emne for mange studieprogram har talet på deltakarar som tek og får godkjent dette sikringskurset auka i stor grad. Tala for dei siste fire semestra synleggjer omfanget:

V 2016: 110
H 2016: 223
V 2017: 173
H 2017: 201

Studentane må ha godkjent dette grunnleggjande HMS-kurset for å få lov til å følgje lab-kurset ved KJEM110. Utan godkjent HMS-kurs, vert studentar nekta adgang til lab-kurset i emnet. Krav om sikker adferd i lab-lokalene er høgst naudsynt.

Godkjent HMS-kurs vert per i dag registrert som godkjent obligatorisk øving i FS (for studieadministrativt bruk). Desse vert i dag på bakgrunn av excel-lista ført inn manuelt i FS for godkjenning av obligatoriske arbeidskrav ved emnekodane KJEM110 og FARM110. Studieadministrasjonen ved Kjemisk institutt opplever det som tungvint og usikkert å ha registreringane for godkjente kurs i excel-dokumentet (vi har per i dag totalt 4784 namn registrert). Vi ønskjer i nær framtid å få til ei tryggare og meir effektiv registrering av studentar som skal ta HMS-kursa, og samstundes oppnå ein etterretteleg oversikt over alle som får dette kurset godkjent framover. **Vi ønskjer difor å få oppretta begge HMS-kursa som emne i FS.**

Dette vil også redusere faren for feil-registreringar i dei obligatoriske arbeidskrava om godkjent HMS-kurs (dei må vi nok uansett registrere vidare)

HMS I-kurset (grunnkurset) bør knyttast til emnekodane KJEM110 og FARM110, slik at alle som blir undervisningsmeldt i desse emnakodane også automatisk får oppmelding til HMS I-kurset. Dette vil effektivisere arbeidet med å lage deltakarliste klar før kurset i stor grad. I dag går påmeldingsfristen for KJEM110/FARM110 ut ved midnatt, 10 timar før kurset startar. Å knytte undervisningspåmelding til KJEM110 og FARM110 vil vidare gjere arbeidet med å føre oversikt over deltakarar under sjølve kursdagen enklare, samt på sikt gjere det lettare å hente ut oversikter over kven som har godkjent dette kurset tidlegare. Per i dag blir som nemnt dette arbeidet gjort manuelt og det er lett å få feilregistreringar.

HMS II-kurset kan enten studieadministrasjonen melde opp studentar manuelt, eller det kan knyttast til KJEM298 og KJEM399-kodane. Både bachelorprosjektet (KJEM298) og masteroppgåva i kjemi (KJEM399) er knytta til dette HMS-kurset som gir adgang til å jobbe sjølvstendig på lab etter at kurset er gjennomført og fått bestått kurset. Tekniske løysingar i FS avklarar vi elles med FS-gruppa ved SA.

Vi ønskjer å få oppretta dei to HMS-kursa som emne, utan vekting (ingen studiepoeng) og med karakterregelen bestått/ikkje bestått.

Som døme på tilsvarande praksis med registrering av godkjent sikringskurs/HMS-kurs, tilrettelagt for lokale behov og fasiliteter, legg eg ved ein karakterutskrift frå Universitetet i Oslo, anonymisert sjølvsagt. HMS-kurset deira er utheva i gult, nedst på karakterutskrifta.

Med beste helsing

Unni Lange Buanes
Studiekonsulent
Kjemisk institutt
Universitetet i Bergen